

# Husmannsliv

## Faktaark

### Kva var ein husmann?

Husmannen eigde ikkje jord, men leigde eit stykke hjå ein bonde, og leiga galdt for eit avgrensa tidsrom, stort sett ut levetida til husmannen. Husmannsplassen kunne ikkje gå i arv. Husmannen måtte som regel sjølv syta for hus på plassen, og ofte hadde husmannen nokre dagar med pliktarbeid for bonden han leigde hjå.



Husmannsfolket i Myraskoro i Sundfjord: Jon og Marta Abotnes Sundfjord

### Tre typar husmenn etter kor stor eigedom dei leigde:

- Husmann utan jord
- Strandsitjar
- Husmann med jord - største gruppa i Fusa

### Kvifor fekk me husmannsplassar?

Det var for mange folk og for lite jord i Noreg på 1800-talet. Ikkje alle syskena kunne arva heimegarden! Nygifte søner eller døtrer fekk rydda seg ein husmannsplass i utkanten av garden og leiga han hjå foreldra eller hjå den av syskena som overtok garden. Tenestefolk kunne få leiga eit lite jordstykke eller ein gamal husmannsplass hjå husbonden.

### Kvar?

Husmannsplassane låg gjerne i utkanten av garden og grenda, i utmarka, på ein holme.

## Når?

Husmannsvesenet - ordninga med husmannsplassar - nådde toppen på 1800-talet. Rundt 1850 var det ca 65 000 husmenn i Noreg. År 1900 var det framleis 180 husmannsplassar i Fusa. På husmannsplassane budde til saman ca 770 personar, det vil seia 1/5 av innbyggjarane i Fusa. Husmannstida varde til 1930-talet i Fusa. Nokre av husmannsplassane vart nedlagde etter kvart som dei som hadde leigd eller bygsla plassen, døydde. Dei siste husmennene fekk hjelp av *jordlova av 1928* - den gjorde det lettare for plassfolka å få kjøpa jordstykkane dei hadde leigd og dyrka, slik at dei fekk eiga sine egne småbruk. Denne lova vart difor kalla "Husmannslova".

## Vinnesholmen

- Eigd i lag av alle 6 hovudbruka på Vinnesgarden
- Husmannsplass frå ca. 1800
- Ca. 49 mål med berg og knausar, litt dårleg åkerjord, litt england, ikkje skog
- Siste husmannen var Lars Vindenes og kona Engelina. Dei leigde Vinnesholmen frå 1892 og fekk kjøpa han i 1930. Husmannsplassen fekk då namnet Solholm. Dei dyrka korn og poteter og hadde kyr, høner, sauer og gris
- I 1937 overtok dottera Elisa Henriette (Liso), gift Foss, småbruket
- 1968: Molo
- 1970-talet: Vassforsyning
- Liso døydde i 1983. Ho var barnlaus og hadde testamentert eigedomen til Fusa sjuke- og aldersheim/Fusa kommune
- Stiftinga Vinnesholmen pussa opp eigedomen og starta utleige av husmannsplassen til feriegjester i 1991 - vern gjennom bruk
- I 2016 vert plassen drifta av Kystlaget Vinnesholmen



Husmannsplassen i Vinnesholmen på 1920-talet